

Voss Idrottsråd, styremøte 18/9 2017

Stad: Idrettshallen

Møtte: Olav Farestveit, Nils Een, Brit Elisabeth Dale, Frode Røkne.

Meldt forfall: Einar Melve

Ikkje møtt: Sven Oscar Moseide

Sakliste:

1. Oppfølging av siste møtereferat

- følg opp sak om ny valnemnd, som Asle Bergstrøm har tatt på seg å leia og setja saman.
- referatet godkjent.

2. Fordele LA-midlane til laga innan VIR i samsvar med rapportering av medlemstal til NIF.

- det er ulike køyrereglar for LA-midlar som skal godkjennast årleg, og er godkjent for 2017. Midlane skal delast ut i høve medlemer mellom 6-19 år, men også med andre kriterier for sum til tildeling (idrettsskule, funksjonshemma medlemer, og alle med medlemstal 3 eller mindre active (1000 pr lag som er minstesum) skal trekkast frå totalsum til tildeling).

- LAM pr medlem 313kr i 2017.
- 954.000 kr som skal tildelast, og no er godkjent for tildeling for 2017.
- **utfordring:** det ser ut som grunnlaget for medlemstal medlemer 6-19 år er feil i eit par lag: Voss fallskjermklubb og IL Ørnar.

- **VEDTAK:** Tildelinga er godkjent og vedteke med ein merknad: Frode ringer Voss Fallskjermklubb og Ørnar og undersøker om dei kan ha rapportert feil grunnlagstal. Frode ringer også Hordaland Idrettskrets for å høyre korleis dei stiller seg til å endre grunnlagstala.

4. Fakturering av medlemskontingent på kr 5 pr medlem som skal tilbake til Idrottsrådet frå alle idrottslag.

- bakgrunnen for vedtaket er å føre midlar inn i Voss Idrottsråd og anmodning frå Idrettskretsen om å innføre ordningen.

- utfordringa er at det krev særskilt administrasjon og manuelt arbeid i fakturering, reskontro-arbeid, oppfølging og innkrevjing. Rekneskapsfirma er spurt, men vil ikkje ta jobben, samstundes som at det vil verte dyrt. Korleis skal me i praksis gjennomføre dette? Dette må takast opp vidare, og handsamast før iverksetting 2018.

- **vedtak: Sjekke korleis andre idrottsråd gjer det.**

3. Status ol-saka

- 19.6 var Olav Farestveit m.fl. på møte i Bergen, og det var oppfølgingsmøte 15.9 der leiar og adm leiar i Stavanger møtte saman med Bergen, og frå Voss Bjørn Christensen, Asle Bergstrøm, Even Hegbom og Olav Farestveit. Møte starta i Voss ski- og tursenter, deretter i Voss Resort der Asle fortalte om hoppbakken og andre bakkar der i tillegg til utbygginga. Sidan til Myrkdalen: Nils Akselberg orienterte og fortalte om planar om nye løyper inkl ei mogleg utforløype. Møte vidare på Myrkdalen hotell.

- Stavanger gav ikkje klarsignal for å stifte selskapet, og var kritisk og uroa for blant anna negativ publisitet og administrativ belastning. Døra er likevel ikkje totalt lukka for dei dersom dei vil vere med att, og det vil bli arbeidd for å få dei med att gjennom opning i vedtektene. Bergen og Voss går vidare med stiftinga. Aksjeselskapet skal arbeida med å utgreia moglegheitane for å arrangera eit OL på Vestlandet. Arbeidet no handlar om å skaffe finansiering, få idretten med på det, og arbeide med konseptet.

- framdrift: Voss revurderer saman med Bergen, og einast om vidare framdrift.

- Frode: sende oversikt til Olav over utbetalingane som er komen inn til no frå ulike bidragsytarar.

4. Eventuelt

- Nils Helge Kvamme (folkehelsekoordinator) har meldt om ei sak ang gummigranolat. Det gjeld miljømessige belastningar, regelverk og krav som etterkvart vil kome. Saka har vore diskutert i MKU, og kommunen insinuerer at dei ikkje har ansvar, men klubbane som eig banane. Miljødirektoratet meiner kommunane har ansvaret. Me fyl saken vidare.

- Møte: det skal vere eit møte i Idrettskretsen i Bergen 28.-29.10 om korleis me kan styrke idrottsråda sin stilling i eigen organisasjon med omsyn til inkludering i NIFs budsjett og demokratisk representasjon og for å utveksle erfaringar. Kan nokon stille frå Voss?

- Aktivitetsdag gjennomført på Voss i september i forbindelse med inkludering av fleirkulturelle i idretten. Arrangør Hordaland Idrettskrets ved Elise Barsnes. Det var også ei fin reportasje i etterkant i Avisa Hordaland.